

Fagtur med Rogaland Sau og Geit 23.-27.juli til Nord-Trøndelag

Fjelldagane til RSG gjekk dette året til Stjørdal i Nord-Trøndelag. Turen gjekk første dagen til Den Gyldne Omvei på Inderøy der me fekk oppleva gardsbruk med ulike driftsformer, mest storfe og sau. I tillegg dreiv dei turisme og bøndene hadde eit godt samarbeid. Her var gardsysteri med produksjon av iskrem og ost, ølbryggeri, dyrking av karve til akevitt-produksjon, kunst og handverk. Me fekk høyra historia om Trøndersauen der 3 bruk er saman, tar all kjøttet i retur og sel privat, lagar pølsa som består av sauekjøtt og ulla vert levert til spinneriet på Selbu. Inspirerande å besøke bønder som tenker nytt og får det til.

Olav Tiller, tillitsvalt i sau- og gjeterhundmiljøet, var med oss neste dag, først til Meråker, der leiar i Sau og Geit fortalte om sauedrift og beiterett. Astrup konsernet eig utmarksområdet, der beiteretten fylgjer garden. Ulv og jerv er eit stort problem i dette området og det er mentalt vanskelig.

Turen gjekk vidare til Åre i Sverige og då fekk me eit innblikk i korleis landskapet vert om me slutter med sau, trist! Foredragshaldaren i Åre fortalte engasjerande om eit prosjekt med 15 deleigerar og deira planer for drift på sau. Dette var økologisk.

Me besøkte staden der Raset i Verdal gjekk i 1893 der historikar Øystein Walberg fortalte den tragiske hendinga. Me var på «Spelet om Heilag Olav», fekk tradisjonskosten Trøndersodd med skjenning og ingefærøl,- fin opplevelse

Dagen med fagleg innlegg vart starta med nyvalt leiar i Norges Bondelag, Lars Bartnes. Han snakka om «Sauens Framtid» med nye utfordringar som må løysast. Leiar i NSG, Tone Våg hadde og innlegg der ho snakka om at utmarksbeite er fundamentet i norsk landbruk. Veldig bra innlegg frå desse to, mange gode innspel frå salen. Sponsarane, Fatland, Felleskjøpet og Nortura hadde også dette året faglege innlegg.

Siste dagen kjørte me Route 26, nasjonal turistveg, der ei gruppe kreative flinke bønder driv med ulik gardsturisme,- møtested, laksefiske, overnatting, filmakeri, sal av skinn og garn, bakeriutsalg. Mange gode idear for dei som vil satse på attåtnæring i gardsdrifta

Takk til alle som var med og bidrog til at dette vart ein gild tur